



Måløy vgs.
Vestland fylkeskommune



Trygt og godt skulemiljø

For elevar ved Måløy vidaregåande skule

Kjære elev ved Måløy vidaregåande skule

At du skal ha det bra og trivast på skulen er det aller viktigaste for oss. Utan trivsel er det vanskeleg å lære.

Alle elevar har rett til å ha eit trygt og godt skulemiljø. Det er skulen si plikt å sjå til at det er slik. Difor vil alle som arbeidar ved skulen gjere sitt beste for å følgje med slik at vi kan oppdage det viss ikkje alt er bra. Men vi treng også hjelp av deg som elev; viss du opplev å bli utsett for situasjonar som ikkje er bra eller viss du ser at andre elevar blir utsett for noko som ikkje er bra, kan du seie i frå til ein vaksen. Saman kan vi da hjelpe kvarandre med å få eit trygt og godt skulemiljø for alle.

Skulen vår er ein stor organisasjon, der mange menneskjer skal fungere saman. For at dette skal gå bra er det viktig at vi har nokre reglar og nokre forventningar til korleis vi vil ha det i skulekvardagen. Vi har skulereglane som seier noko om kva som er lov og ikkje, i tillegg vil kvar klasse lage sine eigne klassereglar som seier noko om korleis ein vil ha det i klasserommet og i klassemiljøet.

I dette dokumentet seier vi litt om nokre felles forventningar til korleis vi skal ha det på skulen – både inne i klasserommet og på verkstadane, i timane og i friminutta og i fellesareala.

Som elev og tilsett ved Måløy vidaregåande skule skal vi jobbe i lag for eit trygt og godt skulemiljø - for alle våre elevar.

Helsing rektor Ellen

Forventningar i undervisningstimane – i klasserom og verkstader

For å skape best moglege rammer for eit trygt, godt og inkluderande læringsmiljø, treng vi nokre felles forventningar til korleis vi vil ha det. I klasserom og verkstader er det læring som skal vere i fokus. Mat og drikke (bortsett frå vatn) skal ikkje vere framme i timane.

Elevane skal

- Møte presis til timane
- Vise respekt for kvarandre
- Snakke fint til kvarandre og unngå negativ språkbruk og åtferd
- Halde orden rundt seg, ta med seg boss til boss-stasjonane i gangane
- Ta felles ansvar for å holde orden i klasserommet

Dei tilsette skal

- Ha tillit til elevane og vere lyttande til deira meiningar
- Ha nulltoleranse for negativ språkbruk og mobbing
- Leggje til rette for læring i eit trygt og godt læringsmiljø



Forventningar i friminutta og i fellesareala

Friminutta er tid der elevane møtast i fellesareal i gangar, i kantina og på uteområdet. Dette er viktige møteplassar for sosial omgang med kvarandre. For at alle skal ha det bra i friminutta må vi ha nokre forventningar til korleis vi vil ha det.

- Vi skal vere inkluderande og ekstra merksam på om nokon sit åleine
- Vi skal vise omsyn til kvarandre og snakke til kvarandre på ein fin måte
- Vi skal ta ansvar for omgjevnadane våre ved å
 - o fare pent med møbler og inventar
 - o rydde opp etter oss
 - o ta med og kaste buss i busskorgene



Skulen vår skal vere
ein god og triveleg
plass å vere og for
å lære

Lykke til med
Nytt skuleår!

